Svært ulike kostnads-resultat ved anlegga i Sogn og Fjordane Meieri

Florø og Stryn kjem ugunstigast ut. Brannen i Florø sterkt medverkande til resultatet der.

Utbytte- og kostnadsanalysen for meierianlegga som er tilslutta Sogn og Fjordane Meieri, viser for 1986 at anlegget i Florø har eit kostnadsresultat på minus 12,62 øre literen behandla mjølk. For anlegget i Stryn sitt vedkomande er tilsvarande tal minus 6,34 øre.

Ei sterkt medverkande årsak til Florø-resultatet er brannen, med over fire månaders stillstand på anlegget. I tillegg til det som gjeld dei direkte fylgjene av brannen, kjem kostnadene med ei viss opprusting av meieriet.

Høgst på pluss-sida i kostnadsanalysen kjem Sandane, med 17,02. Skilnaden Sandane-Florø vert såleis bortimot 30 øre, medan skilnaden Sandane-Stryn utgjer over 23 øre.

På pluss-sida etter Sandane kjem Breim, med 9,72 øre literen, og Byrkjelo, med 5,71. Dvs. at desse anlegga har best dekning for kostnadene.

Inntransport, uttransport og gardstankar er ikkje rekna med i utbytte- og kostnadsanalysen.

Eid på topp

Når det gjeld utbytteanalysen, viser denne at Nordfjordeid toppar lista, med 5,65 øre pr. liter behandla mjølk. Deretter kjem Stryn, 5,32, Ålhus, 5,25, og Førde 5,24.

Utbytteanalysen viser elles desse resultata:

Sandane 1,77, Måløy 1,69, Breim 0,47, Byrkjelo 0,90, Sogndal 3,73, Vik minus 0,21, Florø pluss 2,52. Totalt for selskapet 3,77 øre pr. liter.

Kostnadsanalysen: Førde 6,25, Ålhus 1,31, Sandane 17,02, Måløy minus 3,28, Breim 9,72, Nordfjordeid null, Stryn minus 6,34, Byrkjelo 5,71, Sogndal 2,14, Vik 5,54, Florø minus 12,62. Selskapet samla 0,60 øre literen.

Legg ein saman resultat-tala for utbytte og kostnad, vert summane:

Førde 11,49, Ålhus 6,56, Sandane 18,79, Måløy minus 1,59, Breim 10,19, Nordfjordeid 5,65, Stryn minus 1,02, Byrkjelo 6,62, Sogndal 5,87, Vik 5,33, Florø minus 10,10. Totalt for selskapet : 4,37.

Investeringar og mjølkemengde varierer mykje

Mellom årsakene til dei relativt store skilnadene i resultatet av kostnadsanalysen, kan nemnast posten «Avskriving og renter». Samstundes som kapital-kostnadene varierer mellom dei ymse anlegg, er det same tilfelle med mjølkemengda. Førde har t.d. 24,3 mill. liter behandla mjølk, medan anlegget på Nordfjordeid tek hand om 13,5 mill. liter. Der det er flest mjølkeliter å dele kostnadene på, vert driftresultatet gunstigast.

Vidare har tidspunktet for investeringar m.v. mykje å seie for korleis eit meierianlegg statistisk kjem ut, samanlikna med andre.

Ikkje transport-tal for kvart anlegg

Når det gjeld kostnadsdekninga for inntransport, uttransport og gardstankar, ligg det ikkje føre utrekningar for dei einskilde anlegga i Stryn/Byrkjelo, Førde/Ålhus og Sogndal/Vik, då marginar og kostnader på desse stadene ikkje er fordelte på kvart anlegg. Tala som då kjem fram, er fylgjande — og vi minner om at det gjeld **behandla** mjølk, ikkje eiga-mjølk:

Førde/Ålhus minus 1,13, Sandane minus 3,71, Måløy minus 1,44, Breim 3,16, Nordfjordeid 1,01, Stryn/Byrkjelo 1,84, Sogndal/Vik minus 3,56, Florø 0,33. Totalt for selskapet minus 0,63.

Samansett av 3 faktorar

I desse tala er som nemnt både inntransport, uttransport og gardstankar rekna med. Eit meierianlegg kan t.d. ha eit gunstig resultat for inntransporten, men «ryk» på gardstankane. Eit anna mneieri kan ha svært god margin-dekning på uttransporten, slik at dette veg opp det negative ved inntransport og gardstankar.

Med bl.a. dei atterhald som her er peika på, skulle tala likevel gi ein viss peikepinn i forholdet mellom dei ymse anlegga.



Dale Skofabrikk har alt ordrar som sikrar Bjørn Hanssen og dei andre 45 tilsette ved Dale Skofabrikk arbeid ut oktober månad. Opptrappinga etter konkursen i fjor har gått raskare enn venta.

45 skotilsette er sikra arbeid ut oktober

FIRDA: Rune Dale

Dale Skofabrikk har alt fått ordrar som sikrar dei tilsette arbeid ut oktober månad. Opptrappinga etter konkursen i fjor har gått raskare enn rekna med. 45 personar har no arbeid ved fabrikken.

Då er og tilsette i administrasjonen rekna med. Ein del arbeider deltid, og dei 45 deler rundt 35 årsverk. Dagleg leiar Olav Hjelmås tykkjer samarbeidet mellom Calif, Premier Sko, Per Dahl og Cloud's fungerer godt i den nye produksjonsbedrifta.

— Alle vi som arbeider her er nøgde med utviklinga i bedrifta så langt i år. Hittil har vi laga m.a. bunadssko, selskinnsstøvlettar, tøflar og Cloud's-sko som tidlegare. Vi produserer både ferdige sko og halvfabrikat, stansa og sydde sko, som vi leverer til dei andre deleigarane. Gjennomsnittleg lagar vi no 400-500 par sko for dagen, fortel dagleg leiar Olav Hjelmås.

Dette er om lag same produksjonen som i Cloud's-tida, ca. 100.000 par for året.

I desse dagar er det eit skifte i produksjonen ved bedrifta. Arbeidarane går no over frå å lage vår- og sommarsko, til å lage vintersko for komande sesong. Produksjonen av selskinnssko går kontinuerleg.

Tidlegare Havn trevarefabrikk i Eikefjord har fått nye eigarar og nye oppgåver. Eikefjord mek. verkstad skal prefabrikere og montere røyrsystem til skip og industri på land.

Industrireising i Eikefjord

Av: Torleik Stegane

At det går føre seg industrireising på Nesjane i Eikefjord, er etter kvart velkjent. Mindre kjent er det kanskje at Eikefjord mekaniske verkstad a/s (EMV) har starta opp med 15 tilsette i lokala til tidlegare Havn trevarefabrikk. Spesialitetane er prefabrikering og montering til skip og til industri på land.

Bak EMV står tre aksjonærar. Magnar Sunnarvik og Allan Tonheim har kvar sine 40 prosent av aksjane og fungerer som daglege leiarar. Samstundes er dei altmoglegmenn som også kan gå inn i produksjonen når det trengst. Naturleg nok sidan begge har røynsle frå «golvet» og begge har utdanning og lang røynsle i røyrleggjarfaget.

Fulle ordrebøker

— Korleis kom de på å starte verksemd sjølve?

— Vi har begge i lengre tid hatt lyst til å starte for oss sjølve, og i november 1986 starta vi i den tidlegare sementvarefabrikken på Hatleset.

— Det må vere meir sytelaust å vere lønsmottakar enn arbeidsgjevar og bedriftsleiar?

— I grunnen ikkje. Om du jobbar lange dagar her, har du ei kjensle av at du jobbar for deg sjølv. Ikkje alltid slik når du er arbeidstakar.

— Kor mange arbeider fast ved verkstaden i Eikefjord?

— Her har vi til tider tre-fire mann. Resten av arbeidsstokken er ute på reiseoppdrag som montørar på båtar eller verksemder på land.

— Korleis ser ordrebøkene ut framover?

— Dei er heilt fulle fram til jul, og det er gode utsikter for arbeidsoppdrag fram til neste sommar.

— Kva slags arbeidoppgåver er de ute etter?

— Vi satsar mest på fiskebåtar, på trålarar. Nett no har vi oppdrag gjennom Båtbygg a/s i Måløy, på to forsyningsskip som ligg ved Ankerløkkenkaien i Florø, og vi har eigne folk hjå Båtbygg i Måløy. — Kontrakten med Måløy-firmaet er verd nærare 1 mill. kroner. Vi har og mykje arbeid for Kleven Løland a/s i Leirvik i Sogn. I desse dagar skal vi til med eit storarbeid for eit nybygg ved Sogneverftet. Ein frysetrålar på 91 m skal leverast seinhaustes. Vi skal vere ansvarlege for kjøle- og fryseanlegget og alt hydraulikkarbeidet om bord, seier Ragnar Sunnarvik og Allan Tonheim og legg til at kontrakten ved Kleven Løland er verd om lag 2 mill. kroner.



Allan Tonheim framfor teikninga av frysetrålaren som skal byggjast ved Kleven Løland i Leirvik og som EMV skal levere kjøle-og fryseanlegget og alt hydraulikkarbeidet til.

— Andre oppdrag?

— Nyleg har vi fått kontrakt for levering av kjølevassanlegget og lenseanlegget for Skogheim kraftverk i Hyen. Eit komplett anlegg der vi skal levere utstyr som går med til jobben.

— Tek de også mindre oppdrag, t.d for folk flest?

Ja, i den grad tida tillet det, kan vi ta på oss sveiseoppdrag for folk t.d. småreparasjonar for gardbrukarar, anten det no er gyllevogna det er noko i vegen med, eller det er råma på traktortilhengjaren.

Knapt om kvalifisert arbeidskraft

— Med så mykje å gjere, vert det aktuelt å auke talet på tilsette?

— Vi treng meir folk, og målet er å kome opp i 20 tilsette i sommar.

— Vi treng sveisarar og industriarbeidarar. Slike folk er det mangel på, så dei som føler seg kvalifiserte, må gjerne kontakte oss. Vi har allereie måtte takke nei til verksemder som har villa «låne» arbeidsfolk hjå oss.

— Er dei tilsette heimehøyrande i Flora kommune?

— To tredjedelar bur i Flora. Av desse bur seks i Eikefjord. Resten av arbeidsstokken kjem frå Bergen og Sogn.

— Kvifor valde de å starte verksemda dykkar i Eikefjord?

— Kvifor ikkje? Eikefjord er eit bra utgangspunkt, med vegsamband i alle retningar. Men hovudgrunnen var nok at vi fekk kjøpe oss eit etter måten høveleg verkstadlokale her til ein overkomeleg pris. Når no Brødrene Aa startar opp i Nesjane, vil vi ikkje vere uinteresserte i eit samarbeid med dei heller, seier dei to eikefjordingane og daglege leiarane i EMV, Magnar Sunnarvik og Allan Tonheim.

Sjukehus-køen aukar mest i Sogn og Fjordane

Ved siste årsskifte venta vel 101.000 pasientar på sjukehushandsaming i 16 fylkessjukehus og fem statlege sjukehus. Dette er 3722 færre enn året før, viser den siste ventelistestatistikken frå Sosialdepartementet. Nordland, Troms og Akershus er ikkje med i desse tala.

— Trass i at både tala og metodegrunnlaget enno er utrygge, er det gledeleg at det ser ut til at auken i ventelistene har stansa opp, seier Tove Strand Gerhardsen.

— Vi er no interessert i å ta kontakt med dei fylka som har nedgang i sine ventelister for å sjå nærare på kva dei har lukkast med og om dei t.d. har sett i gang effektiviseringstiltak etter departementet sine tilrådingar. Når det gjeld dei fylka som har hatt auke, veit vi alt at det i mange tilfelle har samanheng med innføring av nye behandlingstilbod, eller mangel på personale og andre ressursar.

I fjor var det vel 630.000 innleggingar på sjukehusa, og godt over 2 millionar personar vart handsama poliklinisk.

Ventelistetala syner store variasjonar mellom fylka. Vest-Agder og Hordaland har største nedgang med høvesvis 2414 og 1243 pasientar. Størst auke har Sogn og Fjordane med 1927 pasientar og Sør-Trøndelag med 1454 pasientar.

I alt står 5928 personar på venteliste til somatiske sjukehus i Sogn og Fjordane, 4006 for poliklinikk og 1922 for innlegging. Tilsvarande tal ved førre årsskifte var 2774 og 1227.

Vågene-brørne har overteke Sande Bilsenter A/S i Florø

Brørne Helge og Inge Vågene, Florø, og Åge S. Wågene, Sandefjord, har med sitt nye investeringsselskap Vågene Invest A/S kjøpt Sande Bilsenter A/S og eigedomen dette selskap driv si verksemd på. Det nye investeringsselskapet vil samstundes overta alle aksjar som brørne i dag eig i Verktøy-Maskin A/S og Thors Portal Trevarefabrikk A/S, begge i Florø, og det vil bli oppretta eit eige eigedomsselskap.

Totalt vil det nye selskapet ha ein årsomsetnad på 43 mill. kroner og 25-26 tilsette. Sande Bilsenter står åleine for 16 tilsette og ein omsetnad på 33 mill. kroner.

Sande Bilsenter A/S har i meir enn 40 år vore Ford-forhandlar i delar av fylket og har underforhandlarar i Stryn, Nordfjordeid og Måløy. Overdraginga fører ikkje til endringar i den daglege drift og leiing i første omgang.

— Alle dei tre selskapa har gode sjansar for vidareutvikling, seier styreformann Åge S. Wågene i Vågene Invest A/S.

— Sande Bilsenter vil i tillegg til bilsalet bli innført nye produkt innan bilbransjen, Verktøy-Maskin A/S innleiar i desse dagar samarbeid med ein totalleverandør innan industriutstyr og rekvisita og Thors Portal Trevarefabrikk A/S har eit stort utviklingspotensiale på eksportmarknaden, der selskapet alt har levert dei første prøveordrar.

Naustdal vart frikjent også i Høgsterett

Høgsterett har stadfesta frikjenninga av Naustdal kommune i saka som ein tidlegare styrar ved Naustdal alders- og sjukeheim har reist mot kommunen, melder Firdaposten. Både i Ytre Sogn heradsrett og i Gulating lagmannsrett vart kommunen frikjend under dissens og saksøkjaren anka til Høgsterett med påstand om feil lovbruk og bevisdømming.

Styraren vart sagt opp frå stillinga etter tre og ein halv månads arbeid fordi kommunen meinte han mangla administrative evner og dessutan hadde ei ustrukturert arbeidstid. Styraren hevda at oppseiinga hadde samanheng med ein flaum av rykte som oppstod i bygda i samband med at ein ven av styraren tok livet av seg.

Stillingsutviding ved Høyanger skulekontor

Skulesjefen i Høyanger rår til at stillinga som pedagogisk konsulent blir utvida frå 3/5 stilling til heil stilling og noverande kontorassistentstilling frå 20 t/v til heil stilling. Vidare tilrår han at kontorassistentstilling ved kontoret blir flytta opp til fullmektig.

Vaksine mot hjernehinnebetennelse

Det knyter seg store voner til ein norskutvikla vaksine mot hjernehinnebetennelse som vil verte prøvd på menneske med det aller første.

Det er ei prosjektgruppe ved Statens institutt for folkehelse som står bak utviklinga av den nye vaksinen. Leiar for prosjektgruppa er lege Gunnar Bjune.

— Vi er optimistar, men det står sjølvsagt att å sjå om vaksinen har eventuelle bivirkningar, seier ein talsmann for SIFH til NPK.

TREBITT OLJEDEKKBEIS

100% OLJE, 100% VANN-AVVISENDE

Nordmenns favorittbeis kan du også få som oljedekkbeis. Samme gode kvalitet som Trebitt Oljebeis, samme beskyttelse mot overflatesopp og oppsprekking. Kom inn og se farvekart og oppstrøksprøver.

FØRDE FARGEHANDEL

6800 Førde, tlf. 21 839

Smørkupp!*

Nå er meierismør på tilbud i din butikk. Kjøp med noen ekstra pakker i dag!

*normalsaltet og setertype 1/2 kg.

NORSKE MEIERIER